

HYRDINGEN

NR. I

Februar 2015

ÅRGANG 57

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Søndag 11. jan. var det duka for barnenyttårskonsert i Vikedal kyrkje med "Her er det fest og glede".

Fest og glede i Vikedal kyrkje

SIDE 7

Giro for bladpengar ligg inne i bladet.

Bruk denne og hjelp oss slik å senda bladet til alle husstandar i Vindafjord.

Sideoversikt

Presten har ordet	2	KodeB leir	4	Såmannen	8
Nytt frå Fellesrådet	2	Vågen bedehus	5	Glade tonar	8
Redaksjonspennen	3	Minneord, Einar Grønstad	5	Gudstenester og møter	10
Du gav oss mange søsken, Gud....	3	Portrett: Inghart Lasse Tveit	6	Barnas side	12
Salmesuksess	3	Nyttårskonsert i Vikedal kyrkje	7		



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89

Tlf. 53 65 57 94

Mobil: 932 45 645

jon.adnøy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal
Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Norodd Stavenjord

Mobil: 97 76 57 18

Prostiprest Einar Andreassen:

Mobil: 971 08 788

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Herdis Pedersen

Sandeid: Rakel Årak

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjoa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Ottar Krakk

Presten har Ordet

Sokneprest i Ølen, Johannes Nedreliid



Løner det seg å tru på Jesus?

Vi er vant til å finne ut kva som er lurt og smart, og kva som ikkje er det. Kva fordeler har vi?

Kva ulemper er der? Utan at det ofte blir uttalt så trur eg at spørsmålet i overskrifta har vore i tankane våre. Apostelen Peter set ord på desse tankane når han vandrar saman med Jesus og dei andre læresveinane, og stiller spørsmålet «Kva med oss» (Mark 10.28ff). Rett før dette hadde ein ung rik mann kome til Jesus og ville følgje han, men når Jesus sa at han måtte kvitte seg med rikdomen blei det for mykje og han gjekk trist der ifrå. Når Jesus såg det snakka han om kor vanskeleg det var å seie nei til rikdomen og følgje Jesus. Peter kjapt på pletten med spørsmålet om løn. Læresveinane hadde jo gjort det Jesus sa til denne unge mannen. Kva skulle dei få? Ville det løne seg?

Jesus gir eit klart men kanskje litt uventa svar. Jesus talar om å få løn, men han snakkar om andre verdiar enn det vi ofte tenkjer på.

Vi tenkjer på pengar og det vi kan kjøpe og ha. Det blir glede. Slik er det enten vi er born eller vaksne. «Får eg det nett-brettet blir alt bra» tenkjer borna. «Får eg spart til den bilen eller den hytta eller den båten, blir alt bra» tenkjer vi vaksne. Så er det flott når vi får det. Etter ei stund er det framleis greitt men ikkje meir. Dei materielle tinga falmar.

Jesus snakkar om mjuke verdiar: vennskap, kjærleik, tilgjeving. Desse vil han

gi i løn.

Alle treng vi pengar eller andre materielle ting for å leve, men vi blir fort prega av pengar og eigedom.

Ei historie som har gått på facebook ei stund er ein liten vekkjar om korleis dette kan slå ut.

Ei kvinne med både pengar og status kjem inn på flyet og når ho skal setje seg på den tilviste plassen, så oppdagar ho at der sit ein med mørk hudfarge ved siden av ho. Ho tilkallar flyvertinna og klagar. Ho vil ikkje sitja ved siden av ein med mørk hudfarge og er irritert. Det er under hennes verdighet. Flyvertinna snakkar med kaptein og etter litt kjem han inn til kvinna og seier. «Du skal sjølvsgåt få sleppe å sitje ved siden av ein mørkhuda person.

Der er ein ledig plass på første klasse.» Så ser han bort på den mørkhuda personen og seier. «Vil du pakke sakene dine og bli med meg til plassen på første klasse?»

Flykaptein viser mjuke verdiar. Jesus snakkar om og viser i praksis dei mjuke verdiane vi skal få. Han møter oss med kjærleik, vennskap, fellesskap og tilgjeving.

Hans løn, kjærleik og tilgjeving, er tydelegast når han ordnar opp for det vi ikkje greier å ordne opp med vår himmelske Far, slik at vegen alltid er open inn til Gud. Så får vi dele løna med andre slik flykaptein gjorde på ein god måte.

Nytt frå fellesrådet

Konstituering

Fellesrådet for kyrkjene i Vindafjord er sett saman av ein representant frå kvart soknerråd, ein vald av kommunestyret og ein sokneprest. Kyrkjeverja er sekretær for rådet. I deira siste møte i 2014 vart det attval på Leiv Karsten Medhaug (Ølen) som leiar og Dag Nagel-Alne (Vikebygd) som nestleiar.

Felles soknerråd

Fellesrådet handsama søkeradane frå fire soknerråd om prøveordning med to felles soknerråd som nå.

råd i kommunen i komande fireårsperiode, og gjorde to likelydande vedtak (parentes tilført av redaksjonen for å vise både vedtaka): «Vindafjord kyrkjelege fellesråd ser svært positivt på initiativet frå soknerråda i Ølen og Bjoa (Skjold og Vikebygd) og vil tilrå soknaden om prøveordning for kommande valperiode på det beste.» Dei to nye soknerråda vil kvar ha åtte medlemmer, fem frå Ølen og tre frå Bjoa / fem frå Skjold og tre frå Vikebygd. Kvart sokn vil ha ein representant i fellesrådet som nå.



Av Steinar Skartland

Mobbing i skulen og mellom unge er ei sak som er framme i media. Trass i kampanjar og lærarar som gjer ein flott jobb, så er dette ein del av kvardagen for mange unge. Men er det ikkje slik at vi vaksne er førebilete for borna? På godt og vondt. Kva for signal sender vi ut?

Karikaturteikningar er eit heitt tema for tida. Då kan du hengje ut andre si tru, legning og meininger som du vil. «Stand-up comedians» er ei form for underhalding. Noko eg opplever som vaksne som har lov til å stå på ei scene og banne, sjikanere og snakke dritt om andre menneske. Og så ler vi. Vi slo av TV ein kveld. Det var vondt å oppleva eit vaksne menneske som framføre ei forsamlings praktiserte «Stand-up banning» og sjikanering i utstrakt grad. ...og så lo dei i den fulle salen.

Mine ord og haldningar smittar. «Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei,» sa Jesus. Nyttar det å seia til borna at dei skal tala vel om kvarandre, ikkje leggja ut på Facebook noko som gjer andre leie seg, ikkje skriva nid-ord på veggen, når eg sjølv forfektar at eg har rett og plikt til å leggja ut karikaturar som eg veit krenkjer andre si tru, legning og sjølvkjensle?

«Alt har eg lov til, men ikkje alt tener til det gode. Alt har eg lov til, men ikkje alt bygger opp,» skreiv Paulus i eit brev til korintarane, og han heldt fram litt etterpå: «Lat korkje jøde eller grekar eller Guds kyrkje få noko å støyta seg på».

Å stille spørsmål med lære, politikk og doktrinar, er viktig. Vi skal ikkje godta alt idol, samfunnstoppa eller media seier og gjer, men eg oppmodar til at dette vert gjort med vørndad, respekt og kjærleik. Ver du eit godt førebilde for andre.

Du gav oss mange søsken, Gud

Ole A. Aadland



Du gav oss mange søsken, Gud,
som fanga er i naud og våde,
for krig og krenking slit dei ut.
Dei saknar trøyst, dei saknar håp og nåde.
Å, Gud, la viljen din på jorda råde.

Du gav oss mange søsken, Gud,
som for si tru vert haldne nede,
som kjempa lyt med angst og sut,
mot dei som vil ta fra dei rettferds-klede.
Å, Gud, kom du med Himmel-rikets glede.

Hjelp oss å vera søsken, Gud,
og i vår kvardag vera slike
som breier omsorg og kjærleik ut,
som aldri vil i handling vår neste svike.
Å, Gud, hjelp oss å speglia Himlens rike.

KAFFEKROKEN



© Hans Jøhan Segnstrøm

Redaksjonen seier seg lei

I julenummeret av Hyrdingen vart det kåra skulevinnarar i teiknekonkurransen for skulane. På side 3 stod det: «Ved Skjold skule er det ikkje kåra vinnar då bare 2 årstrinn deltok.». Redaksjonen er takksam for deltakinga frå Skjold og ser at avgjerda om ikkje å kåra vinnar ved skulen var feil og seier seg lei for dette. *Redaksjonen*.

KodeB - Leír



Av: Britt Karstensen

Kyrkjelydane i Imsland, Vikedal, Sandeid, Ølen og Bjoa inviterte til leir for 5.klassingane på Stemnestaden 16.-18. januar. Ein munter gjeng hadde kjekke dagar med variert innhald.

KodeB er eit trusopplæringsopplegg for å bli betre kjend med Bibelen – sjekk

gjerne Youtube for songen og dansen.

Me brukte mykje av dette på leirene og var ganske så aktive – me song og dansa, hadde bibelquizar og samlingar der me lærte om Bibelen og oss sjølve, fekk eige brev frå Paulus (!), hadde konkurransar, bygde høgast mulig Babels tårn i gruppene, me lærte litt gresk av presten og måtte knekke kodar, spiste god mat, leika

og spelte fotball ute og inne, hadde kjekk leirkveld med masse underhaldning, sno-pa i kiosken og avslutta helga med å lage til og feire gudstenester i lag med foreldra.

Både leiarar og 5.klassingar koste seg mykje,- så dei som no går i 4.klasse kan berre begynne å glede seg til siste helga i januar neste år – då blir det deira tur til å dra til Brandøy på KodeB-leir!



KODE B - LEIR

Vågen bedehus: Årsmøte og basar

Av: Arne Borgemyr

Det vart halde årsmøte for Vågen bedehus søndag 18. januar med vel 30 deltagarar. Torleiv Åreskjold heldt andakt.

Viktigaste sak på møtet var framlegg til nye vedtekter. Dei vart samrådstatt vedtatt. Bedehuset blir no ei foreining med medlemmar, og det blir i framtida medlemmane som har røysterett i årsmøtet. Vedtekten og årsmelding vil ligge på heimesida www.vaagenbedehus.no.

Etter val er desse med i styret:

Lars Fjellteit (står i eitt år til, ikkje på val)
Inger Elisabeth Koch (står i eitt år til, ikkje på val)
Ragnhild Thorsen (attvald for 2 år)
Berit Ølfarnes (valt for 2 år)
Torleiv Åreskjold (valt for 2 år)
Arne Borgemyr 1. vara
Bjarne Lunde 2. vara

Styret har ikkje konstituert seg ennå.

Det vart elles gitt uttrykk for stor takk til alle som hadde arbeidd med julemesa i november som samla mykje folk og gav ei brutto inntekt til bedehuset på kr. 266.271. Styret opplyste om at det ved årsskiftet er sett av kr. 985.000 til nytt bedehus. Det er enno ikkje noko avklaring på tomt for nytt bedehus.



Bedehusbasar i Vågen

Den tradisjonelle bedehusbasaren i Vågen vart halden onsdag 21. januar. Det var andakt ved Renate Thingbø og solonsong av Annbjørg Våge. Elles var det loddessal på bok og årer. På førehand vart det selt lodd på Kiwi. Det var mange fine gevinstar, og alt kjem som gåver frå bedehusvenner.

Etter basaren kunne styret opplyse

om eit resultat på ca kr. 29.500. Styret vil takka alle som har kome med gåver, kjøpt og seld lodd. Midlane vil gå til drift av bedehuset. Ev «overskott» vert lagt til «fond for nytt bedehus».

M i n n e o r d

Av: Nils Tokheim

Einar Grønstad døydde 26. november etter eit kort sjukeleie. Den kristne og samfunnsengasjerte bonden fall om på gardstunet heime på Sandeid 81 år gammal av noko som viste seg å være ein alvorleg hjernebløding.

Etter ein god barndom var det under tenestetida i militæret på Evjemoen at han traff si framtidige kone. Han gifte seg med Tordis Abusland frå Hornnes i 1957. Dei slo seg ned på Einars heimstad på Steinsland mellom Sandeid og Ølen, og i åra som følgde vart dei foreldre til to jenter og to gutter. Han var ein nær og tilstadeverande ektemann og far. Tordis og Einar oppmoda ungane sine til å få teoretisk ballast i livet, og alle dei fire borna har teke høgare utdanning og bur i dag ulike stader i Rogaland og i California.

Einar identifiserte seg sterkt med bondeyrket og var naturlegvis aktiv i bondelaget, men i heile sitt vaksenliv har han og vore med i politikk og anna lagsarbeid. Ikkje minst var han aktiv innan misjonsarbeid og i drifta av dei to bedehusa i heimbygda. Inntil sin død var han på dugnadsbasis klokkar i Sandeid kyrkje. Han sat i fleire periodar i kommunestyret i Vindafjord kommune for Kristeleg Folkeparti, og på fylkestinget i Rogaland.

Med sine sterke meininger i samfunnet, var det alltid viktig for han å opptre redeleg og sjå den andre partens syn. Kristentrua hadde han med seg heile livet, og det var sentralt i Einars liv å følge Bibelens ord. Nestekjærleik viste han for medmenneska sine, særleg sjuke og gamle. Ofte var han på besøk både privat og på sjukeheim. Ein aktiv debattant, og det er ikkje få avisinnlegg som gjennom åra er kome frå hans penn både i lokale og riksdekande aviser.

I sitt samfunnsvirke har han hatt ikkje mindre enn 35 ulike tillitsverv, kor rundt halvparten som formann. I mange av verva sat han i fleire tiår. Naturlegvis var det mest lokale og fylkeslokale verv, men gjennom at han ein periode var leiar av Stavanger Bispedømeråd sat han i det nasjonale Kyrkjemøtet. Han har t.d. og hatt verv i Gulating lagmannsrett, styret i Haugesund Sparebank og som statens representant i Vaksdal Mølle AS. Skule og samferdsel stod Einars hjarte nært, og han har vore medlem både av samferdselsstyret i Rogaland og i hurtigbåtutvalet.

Han var god til å ordleggia seg både skriftleg og munnleg, og i kristeleg samanheng var han etterspurd og tok ofte på seg å halde andaktar rundt på heile Haugalandet. Den siste oppgåva han



hadde med dette var så seint som tre veke før han gjekk bort.

Det var ein ektemann, far, bestefar og oldefar som døydde den 26. november.

Fred over Einars Grønstad sitt minne!

PORTRETTET

Inghart Lasse Tveit

Av: Trygve Sandvik - Øvre Vats

”Ja, dette er kyrkjekontoret,” svarar ei roleg stemme i telefonen, og bak denne stemma står kyrkjeverja i Vindafjord, Inghart Lasse Tveit. Kven er denne mannen, og kva bakgrunn har han?

Hyrdingen har teke seg ein tur innom kyrkjekontoret for å snakka litt med Inghart Lasse. Han kan då fortelja at han har vore kyrkjeverje sidan 1. april 1997, og han var den første i denne stillinga i Vindafjord. Frå 1.1.1997 var det pålegg frå staten at det i kvar kommune skulle opprettast ei stilling som kyrkjeverje som skulle ha ansvaret for drifta av kyrkjene og kyrkjegardane. Då Vindafjord kommune 1.1.2006 vart utvida til også å omfatta tidlegare Ølen kommune, vart også kyrkjeverjestillinga utvida tilsvارande, så no har kyrkjeverja det daglege ansvaret for 8 kyrkjer og 14 kyrkjegardar.

Motivasjon og interesse for kyrkja

”Kva var det som fekk deg til å søkja denne stillinga?”, lyder det første spørsmålet frå Hyrdingen. ”Det var nok arbeidet mitt blant barn og unge i form av speidrarbeid og ungdomsarbeid som var den viktigaste grunnen til dette. Tilknytinga til kyrkje- og kristenlivet gjennom dette arbeidet vart avgjerande for gudstrua mi, og eg kunne gjerne tenkja meg eit arbeidsområde der kyrkje og kristenliv var med i arbeidsopplegget mitt.” Det kan nok og nemnast at Inghart Lasse hadde ein god del kjennskap til dei kyrkjelege organa gjennom soknerådsarbeid før kyrkjeverjestillinga vart utlyst.

Oppvekst og utdanning

Inghart Lasse er fødd i 1958 i Sauda. Som 7-åring flytte familien til Skjold (tett attved kyrkja) der faren tidlegare hadde bygd hus. Han fekk heile skulegonga si i folkeskulen på Liarheim skule. Deretter bar det som 14-åring til Ølen interkommunale realskule. Etter realskuleeksamen følgde vidaregåande skule i Haugesund. Inghart Lasse var glad i skulefag, og han ville gjerne læra meir. Særleg var han oppteken av historie, og lokalhistoria var mest enga-



sjerande. Men først måtte han gjennom militæret. Han tenestegjorde i brigaden i Nord-Noreg før han sette kurset mot universitetet i Bergen

Speidar- og ungdomsarbeid

Som 13-åring i 1971 kom Inghart Lasse med i speidrarbeidet. Det var lærar Kjell Kalstveit som starta dette arbeidet i Skjold, og Inghart Lasse var med frå starten av. Ja, han hugsar enno opptaket på Austerheim bedehus 26. november 1971. Dette vart ein sentral dato for han. Kjell stod sterkt hjå Inghart Lasse, og då Kjell døydde ved ei ulukke 1978, var Inghart Lasse troppsassistent (nestleiar). På det tidspunktet var han i militæret, men så snart han kom heim, overtok han ansvaret etter Kjell, og han gjekk fullt inn i arbeidet. Gjennom speidrarbeidet fekk han vera med og peika på det kristne ansvaret, og leia ungdomane inn i eit kristent miljø. Ja, Inghart Lasse er framleis så oppteken av dette arbeidet, at han rosar tidlegare biskop Ernst Baasland sitt engasjement i dette arbeidet. ”i alle bispevisitasar som han var med på, tok han alltid med speidrarbeidet og understreka kva verdi dette hadde”, fortel Inghart Lasse. Anne Lise og Sigbjørn Mortveit har nå i svært mange år leia speidrarbeidet i Skjold

– eit arbeid som også er påskjøna med Vindafjord kommune sin kulturpris.

Forutan speidrarbeidet var Inghart Lasse ein god del engasjert i det kristne ungdomslaget i Skjold. På laurdagskveldane samlast ungdomane i kjellarstova på det nye bedehuset i Isvik, og det varde ofte til langt på natt før dei sluttar av samlingane sine. Ja, så markert var desse samlingane at på folkemunne var det dei som kalla dette for ”nattmisjonen”. I ettertid ser han at dei var nok ikkje alltid like nøyne med alle ordensreglar som var sett for huset, men han vil gjerne få rosa Lauritz Frøyland i denne samanhengen. Utan at det vart sagt noko, hadde Inghart Lasse ei klar kjensle av at Lauritz forsvara ungdomane dersom det var nokon som hadde noko å utsetja på dei, og Lauritz var på sin lune måte ein varmtalsmann for dei.

Ungdomsarbeidet i Isvik dabba av i slutten av 1980-åra. Då kom Feedback i Ølen med eit tilbod, og mange ungdommar fann plassen sin der.

Nagelsaka

Det er vel ikkje noko av det som Inghart Lasse har vore borti som har engasjert han meir enn Nagelsaka. Kort fortalt starta dette med at gardbrukar Alexander Nagel gav bort landbrukseigedomen sin på Smedsvik i Skjold til staten på visse vilkår. Det var denne eigedomen som tidlegare vart kalla ”Studiegarden i Skjold”, og vilkåra i gavebrevet frå Nagel var at det skulle drivast forsøksverksem til framhjelp av hagebruket i området. Men gavebrevet hadde også eit punkt der det stod at dersom staten ikkje lenger ville drive eigedomen, skulle han overlataast til gamleheim for Skjold dersom dette var mogeleg.

I 1983 vedtok Landbruksdepartementet å leggja ned verksemda på Smedsvik, og det kom framlegg frå staten om å dela salssummen på staten, fylkeskommunen og kommunen. Inghart Lasse meinte at dette ikkje var i samsvar med gavebrevet frå Nagel, og han fekk overtal Skjold pensjonistforeining til å engasjera seg i saka. Resultatet av dette vart at Skjold pensjonistforeining nådde fram med kravet sitt overfor staten etter fleire rettsrundar og mange og lange

Det er vel ikkje noko av det som Inghart Lasse har vore borti som har engasjert han meir enn Nagelsaka.

prosesskriv. Pådrivar og den som fylgde opp saka lokalt og til dels sentralt, var Inghart Lasse saman med eit par andre engasjerte personar. I dag har me omsorgsbustadane på Vikaneset som eit synleg bevis på dette arbeidet. Inghart Lasse er stolt over å ha vunne over staten, og smilet kjem fram når han fortel om dette.

Bygdebokarbeidet

Med den store interessa som Inghart Lasse hadde i lokalhistorie, var det ikkje uventa at han vart formann i den interkommunale bygdeboknemnda for Vindafjord og Tysvær. Prosjektet galt gamle Skjold kommune, og etter fastsett tid på 6 år hadde nemnda ferdig ein bokserie på 4 band på tilsaman 2000 sider - som kom ut i 1999. Han tenkjer attende med glede på det interessante og gode samarbeidet i nemnda, og han vil gjerne få trekkja fram bygdebokskrivar Nils Olav Østrem i Skjold og kultursjef Ingvar Frøyland i Tysvær.

Kyrkjeverjekontoret

I dag er Inghart Lasse fullt oppteken i stillinga si. Speidararbeidet er overlate til andre, og dagane på kontoret går med til å ta seg av dei daglege gjeremåla. Han trives godt i arbeidet sitt, og han er godt orientert om det som skjer på den kyrklelege fronten. Hyrdingen stiller spørsmålet om korleis han ser på prøveordninga med å slå saman nokre kyrkjesokn i Vindafjord. "Ja, dette er både spanande og interessant," seier han, og han har tru på at dette er vegen å gå for å få ein enklare kyrkjeadministrasjon. Elles er det no fellesrådet og til dels sokneråda som trekkjer opp linjene lokalt i det kyrklege arbeidet, hans oppgåve er å få sett i verk det som desse organa vedtek.

"Der er mykje eg kunne ha fortalt om arbeidet her på kontoret og det som eg er involvert i, men eg trur dette vil føra for vidt, slik at de har vel ikkje spalteplass til meir?", seier han med eit smil, då det nærmar seg slutten av intervjuet. Og det kan me vera samde i. For Inghart Lasse har tankar og meininger om så mangt...



Songglade barn frå Imsland, Vikedal, Sandeid, Ølen og Ølensvåg

Nyttårskonsert i Vikedal kyrkje

Av: Bjørg Gunn Opsal/Steinar kartland

Foto: Lars Arne Lien

Søndag 11. jan. var det duka for barnenyttårskonsert i Vikedal kyrkje med "Her er det fest og glede". Det var mange songglade barn frå Imsland, Vikedal, Sandeid, Ølen og Ølensvåg med i koret.

Ei fullsatt kyrkje koste seg med masse flott song, musikk og dramaframsyning. Ei jente (Tiril frå Vikedal) slo også hjul oppover kyrkjegolvset. Kyrkja var flott pynta med ballongar i fleire fargar, masse plakatar og gullband. Anne Lise Brekke Lien var dirigent. Saman med Lillian Eikeland var dei pådrivarar for konserten, men dei hadde også mange gode medhjelparar med seg. Etterpå vart

det servert kaffi, brus, kaker m.m. Ein svært vellukka, flott konsert.

-Sidan det var så mange barn med på prosjektet, valde me å gå for ein rein barnekonsert, fortel Anne Lise som også hadde med nokre vaksne til å støtta opp om barnesongane.

-Trusopplæring med song er veldig effektivt, legg ho til og er svært nøgd med frammøtet.

Men det kostar vel litt å få til eit slikt stort arrangement?

- Det har vore eit gratisprosjekt for å nå hjartene, men i etterkant har me fått 5000 kroner i støtte frå trusopplæringa i Vindafjord. Og boller m.m. som eg har ordna med til borna undervegs, ser eg på som min måte å støtta misjon på, fortel den blide og songlade Anne Lise.



Anne Lise



T.h: Jenny Katrin Hansen frå Imsland spela David i «David og Goliat songen».

SÅMANNEN

Dikt av sokneprest
Harald Eintveit

Ein såmann går på åker ut
med kornet sitt, i tru på Gud.
I sol og regn, i vind og vår,
forventning veks hjå han som sår.

Det kornet er Guds sanne ord,
som møter ulik hjartejord.
Den vonde står i veg for Han
som freden gjev og frelsa kan.

Så mang ein gong me høyrer glad
vårt store, fagre fridomskvad.
Men liv og tru er utan rot,
me trur ei tid, - så vert det skrot.

Vår verd er arm, og me nyt sterkt
den rikdom som av lyst er merkt.
I sorg og sut går livet fram,
og uklår vert vår frelsarmann.

Den gode jord, ho tek for visst
imot den Gud som kjem i Krist.
Når Ordet lever og det gror,
då veks Guds rike fram på jord.

(Etter Lukas 8,4-15)



Konsert med Kor e' Vindafjord

Glade tonar i den mørke tida

Av Steinar Skartland

Desember er den mørkaste månaden. Dagane kortast og sola står lågt ute i horisonten. Snø var det dårlig med i Vikebygd, men her vart dagane fleire gonger lysna opp av song og musikk. Vikebygd Skule- og Ungdomskorps har mange medlemmer i ulik alder, men utruleg flinke er dei.

Første helga i advent hadde dei konsert både ute ved butikken og inne på Gamlatunet. Her kunne folk få risgraut til korpsmusikk.

Ei god veke ut i desember var det tid for kyrkjeconsert med Kor e' Vindafjord. Eit flott program der mange hadde funne vegen til kyrkja. Ikkje mange dagane etterpå var det lokale krefter i bygda som drog i gong en ny konsert til fullt hus i kyrkja. Korpset, ungdommar og nokre



Gitaristen Helge Veastad
i samspel med Arne Tveit.

godt vaksne trylla fram tonar frå ulike instrument. Korpset deltok også i kyrkja på julafatn. Jo, musikk er her godt av i Vikebygd. Og ei kyrkje som verkeleg har klang i seg.

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS • en kristen internatskole i Ølensvåg
Vi er en del av NLMvgs • en kristen internatskole i Ølensvåg
Vi er en del av NLMvgs • en kristen internatskole i Ølensvåg
Vi er en del av NLMvgs • en kristen internatskole i Ølensvåg

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knaphus BIL



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus Dekk & Bilverksted



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank SR-BANK



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olenserter.no



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



FRÅ KYRKJEBOKA

Ølen

Døpte:

- 30.11. Mali Nordtveit
18.01. Ingfrid Brekkå

Døde:

- 18.11. Elisabeth Opheim f. 1961
19.11. Madel Habbestad f. 1924
21.11. Magne Martin Nilsen f. 1928
29.11. Reidar Vaka f. 1938
30.11. Anna Eide f. 1924
14.12. Sigfus Fossberg f. 1923
25.12. Rolf Helle f. 1927
29.12. Margit Fresvik f. 1923
16.01. Gunnar Lunde f. 1933

Vigde:

- 18.11. Audrone Vaznoniene og
Odd Johannes Lien

IMSLAND

Døde:

- 07.12. Nancy Laurence Nordskog f. 1934
06.01. Odd Bjørnsen f. 1932

VIKEDAL

Døde:

- 29.11. Margrete Leifsen f. 1931
24.12. Kjell Johan Vetrhus f. 1943

SANDEID

Døpte:

- 21.12. Theo Martin Simlenes

Døde:

- 26.11. Einar Grønstad f. 1933

SKJOLD

Døpte:

- 11.01. Ågot Johanne Byrkja Dagsland

Døde:

- 15.12. Gunhild Skjold f. 1927

VATS

Døpte:

- 30.11. Alva Johanna Skrede Frøland
30.11. Kasper Strand

- 30.11. Ann Linnea Sørhus

- 18.01. Silja Krakk

Døde:

- 06.01. Magnhild Indreland f. 1946

VIKEBYGD

Døde:

- 07.01. Per Toralf Dommersnes f. 1928

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
15. februar Fastelavnssundag Joh 12,20-33	Vikedal kyrkje kl. 16.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Kirkens By.misj. Haugesund. Konf. møter. Årsmøte.	Vats kyrkje kl. 11.00 Dåp Nattverd Takkoffer: Misj.prosjektet	Ølen kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid Kyrkjekaffi
22. februar 1.s. i fastetida Matt 16,21-23	Imsland kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp.Takkoffer: MF. Års-møte.	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd Takkoffer: Misj.prosjektet	Ølen kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydspe-daogog Vindafjord.
1. mars 2.s. i fastetida Luk 7,36-50	Sandeid kyrkje kl. 16.00 Familiemesse. Takkoffer.: Krk.arbeidet. Nattv. Skattejakt. Konf. møter.	Vats kyrkje kl. 11.00 Nattverd. Takkoffer: Soknerådshus Vikebygd kyrkje Kl. 11.00 familiegudsteneste, med 6-åringane i sentrum. Årsmøte for kyrkja.	Bjoa kyrkje kl. 11.00 Sprell levande Skattejakt.Nattverd Takkoffer: Trusopplæ-ringsarbeidet. Kyrkjekaffi.
8. mars 3.s. i fastetida Ef 6,10-18	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Familiemesse. Takkoffer: Trusopplæ-ringa. Nattv. Skattejakt	Skjold kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	Ølen kyrkje kl. 19.00 Nattverd Takkoffer: NKSS. Årsmøte kl 1730.
15. mars 4.s. i fastetida Joh 3,11-16	Imsland kyrkje kl. 16.00 Familiemesse. Nattv. Takkoffer: Trusopplæringa.	Vats kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Søndagsskule Avslutning Dåppskule 6.åringane	Ølen kyrkje kl. 11.00 Sprell levande Skattejakt. Nattverd Takkoffer: Søndagskule-krinsen. Kyrkjekaffi.
22. mars Maria Bodskapsdag Luk 1,46-55	Eintveit, Åkrafjorden kl. 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer: Konf.arbeidet. Kyrkjekaffi.	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd 6 år dåppskulen Takkoffer:Søndagsskulekr.	Ingen gudsteneste Ølen.
29. mars Palmesundag Matt 26,6-13	Fjellstøl m/Ølen kr. 12.00 Takkoffer: Diakoniarbeidet. Kyrkjekaffi.	Skjold kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Indre Sjøm.misj.	Fjellstøl m/Sandeid kl.12.00

Innbjoa bedehus

BARNEKORET 4 år og oppover Bjoa barnekor onsdag kl. 18:00-19:00 på Innbjoa bedehus.	MINI-CREDO 2.-4. kl. Tirsdag Kl. 17:30 – 19:00 24.02.15 10.03.15 17.03.15	CREDO 5.-8. kl. Fredag Kl. 17:30-19:00 13.02.15 27.02.15 13.03.15 Filmkveld 20.03.15 Haugesund	BØNNEMØTE Onsdag Kl. 19:30 25.02.15 11.03.15 25.03.15	FORMIDDAGSTREFF Fredag Kl. 10:30-12:00. 13.02.15	ONSDAGSMØTE Onsdag Kl. 19:30 18.02.15 18.03.15 08.04.15 Møte Gideon

Credo er på Bjoa skule. Filmkveldane er på Innbjoa bedehus. BEDEHUSET: 8.3. Familiemøte; 11.4. Dugnad

Vil du bli medarbeidar i redaksjonen?

Har du lyst til å vera med på å laga kyrkjebladet? Redaksjonsnemnda for Hyrdingen består i dag av fire medarbeidrarar (inkl. redaktør). Vi ynskjer at det blir eit medlem til i redaksjonen. Evt. ein som på sikt kan dela på oppgåva som redaktør.

For nærmare informasjon, kontakt Steinar Skartland, telefon 908 73 170.

Kyrkjebladet for Vindafjord, HYRDINGEN, er avhengig av at mange betaler frivillige bladpengar.

Bruk vedlagte giro , eller kontonr.: **3201.53.18049**. Slik at bladet kan koma ut i 6 nummer årleg til alle.

Vi føreslår kr 250,- for heile året, men du bestemmer sjølv beløpet, større eller mindre. Tusen takk.



"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)

MØTER OG KUNNGJERINGER

Kyrkjelunet – Ølen

www.kyrkjelunet.no



- 12. feb Torsdag 19.30 Møte, Roar Flacké, Normisjon
- 26. feb Torsdag 19.00 Årsmøte for Kyrkjelunet
- 01. mar Søndag 11.00 SHOW IT
- 06. mar Fredag 19.30 Møte, Gunnar Hamnøy
- 19. mar Torsdag 19.30 Møte, Roar Flacké, Normisjon
- 22. ma Søndag 19.30 Møte, Georg Mork, NLM
- 12. apr Søndag 11.00 SHOW IT

Vikedal bedehus

Velkommen til undervisning, samtale, sang og ein kopp kaffi desse tysdagane:

- 3. mars Med Jesus i sorga
- 17. mars Med Jesus i kvardagen
- Kørner Høie underviser. Kollekt.



Bedehusa i Skjold

- | | | |
|--------------|-------|----------------------------------|
| 12.2. Torsd. | 17:00 | Kyrkja: Barnekor |
| 12.2. Torsd. | | Ersland: Bønemøte |
| 17.2. Tysd. | | Isvik: Samemisjonen |
| 19.2. Torsd. | | Austrheim: Historisk kveld |
| 22.2. Sund. | 17:00 | Kyrkja: G17 og søndagsskule |
| 23.2. Månd. | 19:00 | Ersland: Yngres |
| 24.2. Tysd. | | Ersland: NLM Misjonssambandet |
| 25.2. Onsd. | 18:00 | Kyrkja: Øving JOY |
| 26.2. Torsd. | 14:00 | Kyrkja: 60 + (til 16:00) |
| 26.2. Torsd. | 17:00 | Kyrkja: Barnekor (til 17:45) |
| 26.2. Torsd. | | Ersland: Bønemøte |
| 3.3 Tysd. | | Austrheim: Indre Sjø. Temakveld |
| 6.3. Fred. | 19:00 | Isvik: Basar/Årsmøte |
| 7.3. Laurd. | 18:00 | Ersland: Pizzakveld for familiar |
| 9.3. Månd. | 19:00 | Ersland: Yngres |
| 10.3. Tysd. | | Isvik: Norsk Gideon |
| 11.3. Onsd. | 18:00 | Kyrkja: Øving JOY |
| 12.3. Torsd. | 17:00 | Kyrkja: Barnekor |
| 12.3 Torsd. | | Ersland: Bønemøte |
| 13.3. Fred. | | Austrheim: Snøklokkebasar |
| 14.3. Laurd. | 12:00 | Ersland: Misjonskafe |
| 17.3. Tysd. | | Ersland: NMSMisjonselskapet |
| 20.3. Fred. | | Ersland: Yngresbasar |
| 22.3. Sund. | 17:00 | Kyrkja: G17 og søndagsskule |
| 24.3. Tysd. | | Austrheim: Norsk Gideon |
| 25.3. Onsd. | 10:30 | Kyrkja: Tripp Trapp |
| 25.3. Onsd. | 18:00 | Kyrkja: Øving JOY |
| 26.3. Torsd. | 14:00 | Kyrkja: 60 + (til 16:00) |
| 26.3. Torsd. | 17:00 | Kyrkja: Barnekor (til 17:45) |
| 26.3. Torsd. | | Ersland: Bønemøte |

Øvre Vats bedehus

- 18.2. Onsd. 19:30 Onsdagsmøte
- 11.3. Onsd. 19:30 Onsdagsmøte - DISM
- 1.4. Onsd. 19:30 Onsdagsmøte

Blikrabygda bedehus

- 25.2. Onsd. Blikrabygda- NMS Trygve Sandvik
- 18.3. Onsd. Blikrabygda -Herdís Heimdal, Muslim
- 25.3. Onsd. 18:00 Basar for Normisjon
+Bønemøte 1. torsdag i månaden.

Vår-basaren i Vats

til inntekt for nytt bedehus/soknehus blir laurdag 9. mai kl 13.00. Set av dagen!

Kårhus bedehus

- 23.2. Månd. 19:30 Årsmøte for Kårhus bedehus
- 4.3. Onsd. 19:30 Møte Normisjonen v/ Helga Hausken
- 12.3. Torsd. 18.00 Søndagsskulen si påskevandring
Søndagssk.kons. Elisabeth Fauskanger blir med.
Me startar med kveldsmat saman med barnekoret.
- 25.3 Onsd. 19.30 Møte Misjonssambandet

"60+ treff" i Skjold kyrkje våren 2015:

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønskjer velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen 4 torsdagar til våren: **26.februar og 26.mars og 23.april.** kl.14.00 – kl.16.00. Her blir prat med kaffi og litt attåt. Sjå plakatar.

Vikebygd bedehus

- | | | |
|--------------|-------|---------------------------------------|
| 14.2. Laurd. | 15:30 | Laurdagsdklubb for born |
| 28.2. Laurd. | 15:30 | Laurdagsdklubb for born |
| 14.3. Laurd. | 15:30 | Laurdagsdklubb for born |
| 28.3. Laurd. | 15:30 | Laurdagsdklubb for born |
| 12.2. Torsd. | 19:00 | GladSong, mat, kaffi |
| 26.2. Torsd. | 19:30 | Møte , Gideon Bibelmisjon |
| 12.3. Torsd. | 19:30 | Møte NMS, Inger J. og Jens Stangeland |
| 27.3. Fred. | | Basar / Årsmøte |

Skjold kyrkje: «Strengen er av gull!»

8. mars kl. 17 framfører kora Keryx og Scala frå Karmøy kyrkjespelet "Strengen er av gull", eit spel som handlar om salmediktaren Grundtvig sitt liv og salmetekstane hans. Med seg har kora eit firemannsorkester og skodespelaren Sigurd Sele. Kom, hør og opplev! Arr. Skjold sokneråd v/Kyrkjekulturutvalet

Vågen bedehus

- | | | |
|--------------|-------|--------------------------|
| 18.2. Onsd. | 19:30 | Bønnemøte |
| 22.2. Sønd. | 19:30 | Søndagsmøte |
| 24.2. Tysd. | 17:30 | Jentelaget |
| 25.2. Onsd. | 19:30 | Basar Sjømannsmisjonen |
| 26.2. – 1.3. | | Møteveke NLM |
| 8.3. Sønd. | 16:00 | Søndagskaffi |
| 10.3. Tysd. | 17:30 | Jentelaget |
| 11.3. Onsd. | 19:30 | Bønnemøte |
| 15.3. Sønd. | 19:30 | Søndagsmøte |
| 18.3. Onsd. | 19:00 | Basar IMS (Samskipnaden) |
| 22.3. Sønd. | 11:00 | Søndagsmøte |
| 24.3. Tysd. | 19:00 | Gutelagsbasar |
| 25.3. Onsd. | 19:30 | Bønnemøte |
| 29.3. Sønd. | 19:30 | Søndagsmøte |

Klubbkveldar for born og unge frå Imsland, Vikedal og Sandeid. Stad: Bedehuskjellaren i Vikedal


5.-7.kl. torsdagar	8.-10.kl. fredagar
22.1 Ord for kvelden: Anne Marie Reimers	23.1 Ord for kvelden: Sokneprest Harald Eintveit. Elevar frå Lundeneset vgs.
5.2. Ord for kvelden: Prest Bjarne Hjelvik	6.2 Ord for kvelden: Prest Bjarne Hjelvik Elevar frå Lundeneset vgs.
26.2 Ord for kvelden: Anne Marie Reimers	27.2 Ord for kvelden: Lundeneset vgs.
5.3 Ord for kvelden: Sokneprest. Harald Eintveit	6.3 Ord for kvelden: Lundeneset vgs.
19.3 Ord for kvelden: Anne Marie Reimers	20.3 Ord for kvelden: Lundeneset vgs.



BARNAS SIDE

Hjelp Krister Grønkrabbe

Han må finne ut kvar forureininga i Paradisbukta kjem frå. Kva for eit rør må han følgje?



Fargelegg

Jesus elskar alle barna!



Finn 5 feil

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Kari Sortland

Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-

(privatabonnement
heim i posten)



Gruppeabonnement berre 199,-
per barn



Bibleteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00